



## MØTEINNKALLING KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 18.10.2022  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 10.00

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 10.00

Orienteringar

Fast orientering frå ordførar, varaordførar og kommunedirektør

Brukarutvalet for sjukeheimane - orientering ved pårøranderepresentant Jan Per Styve om utfordringar og forventningar.

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
75/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
76/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
77/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
77/2022.1	Oppsummering av tilsynet
77/2022.2	Protokoll fra ekstraordinær generalforsamling i BIR AS 30. september 2022
77/2022.3	Tempoplan per oktober 2022
78/2022	SAMARBEIDSAVTALE MELLOM VAKSDAL IDRETTSRÅD OG VAKSDAL KOMMUNE
79/2022	SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFOND

11. oktober 2022

Hege Eide Vik  
Ordførar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
75/2022	Kommunestyret	PS	18.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagenen	FE-033	22/1216

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
76/2022	Kommunestyret	PS	18.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	22/1216

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 06.09.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 13:05

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Thor Andersen	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Edvin Hesjedal	H	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Mona Grenasberg	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem
Britt Brudvik	AP	Varamedlem
Karin B. Groth	FRP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Boris Groth	FRP	
Heidi Rongved	AP	Britt Brudvik
Ole-Anders Brekkhus	AP	Magne Hestad
Trygve Jakobsen	FRP	Karin B. Groth

---

### Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland  
Møtesekretær Sølvi Legård

---



## Saksliste

<b>SAKSNR</b>	<b>TITTEL</b>
69/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
70/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
71/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
72/2022	DALEHALLEN - VURDERING OG KOSTNADSOVERSLAG VED AVHENDING/SAL OG VED RIVING
73/2022	FORSKRIFT OM ENDRING AV FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOLKEVALDE
74/2022	INTERPELLASJON - LOKAL STRAUMSTØTTEORDNING FOR INNBYGGJARAR OG NÆRINGSLIV I VAKSDAL?



**69/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 06.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 69/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**70/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Kommunestyret 06.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 70/2022 Vedtak/Tilråding:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**71/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 06.09.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 71/2022 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---



**72/2022: DALEHALLEN - VURDERING OG KOSTNADSOVERSLAG VED AVHENDING/SAL OG VED RIVING**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre arbeidet med å sanere og rive Dalehallen. Framtidig bruk og eventuelt sal av eigedomen vert behandla i samband med sentrumsplan for Dale.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.05.2022**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

**På vegne av Sp,SV og Høgre la Hege Eide Vik, Sp fram følgjande framlegg til vedtak:**

1. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre arbeidet med å sanere og rive Dalehallen.
2. Det vert invitert til innspelmøte om Dalehallen og framtidig bruk av arealet medio august og før kommunestyret behandlar saka 6. september.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 0 stemmer og falt.

Punkt 1 i Sp,SV og Høgre sitt forslag fekk 6 stemmer (Sp,SV,H,Frp, Lisa Johnsen Lunde, Ap) mot 1 stemme (Thor Andersen, AP)

Punkt 2 i Sp,SV og Høgre sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 56/2022 Vedtak/Tilråding:**

1. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre arbeidet med å sanere og rive Dalehallen.
2. Det vert invitert til innspelmøte om Dalehallen og framtidig bruk av arealet medio august og før kommunestyret behandlar saka 6. september.

**Kommunestyret 06.09.2022**

**Behandling:**

Presisering:

Punkt 1 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er formannskapet si tilråding frå møte 31.05.  
Punkt 2 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert å sjå på som eit tilleggsframlegg i saka.

**Røysting**

Formannskapet si tilråding/Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (Britt Brudvik og Thor Andersen, AP)

**KOM - sak 72/2022 Vedtak/Tilråding:**

Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre arbeidet med å sanere og rive Dalehallen. Framtidig bruk og eventuelt sal av eigedomen vert behandla i samband med sentrumsplan for Dale.



---

## 73/2022: FORSKRIFT OM ENDRING AV FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOLKEVALDE

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek *Forskrift om endringa i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal, Vestland* slik den ligg vedlagt.

### Kommunestyret 06.09.2022

#### Behandling:

Magne Hestad etterlyste heile forskrifta som vedlegg til saka. Han ba og om punktvis avrøysting.

#### Røysting

§ 3 andre ledd	Samrøystes vedteke
§ 3 tredje ledd	Samrøystes vedteke
§ 3 fjerde ledd	Samrøystes vedteke
§ 6 fjerde ledd	Vedteke mot 7 røyster (AP og KRF)
§ 7 andre ledd	Samrøystes vedteke
§ 8	Samrøystes vedteke
§ 12	Samrøystes vedteke

#### KOM - sak 73/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret vedtek *Forskrift om endringa i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal, Vestland*, slik den ligg vedlagt.

---

## 74/2022: INTERPELLASJON - LOKAL STRAUMSTØTTEORDNING FOR INNBYGGJARAR OG NÆRINGS LIV I VAKSDAL?

### Frå Kjartan Haugsnes, SV, låg det føre slik interpellasjon:

Lokal straumstøtteordning for innbyggjarar og næringsliv i Vaksdal?

Fleire norske kommunar har eller har planlagt ulike straumstøtteordningar for lokalt næringsliv og innbyggjarar i 2022. Samstundes er inntektssystemet for vertskommunar for kraft under press, seinast i forslaga til inntektsutjamningsutvalet sin rapport som vart lagt fram 29.08.2022

Døme på tiltak som har vore gjennomført i kommunar til no har vore:

- Reduksjon nettleige til primærbustad med 1500 kr. (Tinn kommune)

<https://www.tinn.kommune.no/article/Kommunal-stroemstoette-til-kommunens-innbyggere>

- Stønad til luft til luft varmepumpe og energieffektivisering av eigen bustad (Oslo kommune)

<https://klimatilskudd.no/>

- Stønad til lokalt næringsliv. (Hol kommune)





<https://www.hol.kommune.no/meny/naringsutvikling/kommunal-tilskuddsordning-for-naringsliv-i-hol-kommune-som-folge-av-vedvarende-hoy-kraftpris/>

- Med denne interpellasjonen vil vi be administrasjonen fram mot formannskapet sitt budsjettseminar gjere greie for moglegheiter og utfordringar kring lokal straumstøtte i Vaksdal kommune, til hushaldningar og til lokalt næringsliv. Til budsjettseminaret i formannskapet vil vi og ha endeleg oversikt over eventuelle andre ordningar som er varsla frå staten og EU:

Stikkord: (Lista er ikkje uttømmende)

- Bruk/sal av konsesjonskraft i eigen kommune.
- Lokalt «Enova» fond med støtte til varige straumsparingstiltak i eigen heim/næringslokale)
- Lokale ordningar sett opp mot straumstøtte frå staten
- Avgrensa til primærbustadar (Ikkje fritidseigedommar eller bustad nr. 2)
- Lokalt næringsliv som fell utanfor statsstøtteordningar
- Kostnader ved dei ulike tiltaka

### **Spørsmål til ordførar:**

Vil ordførar be administrasjonen greie ut konsekvensar av lokale straumstøttetiltak med utgangspunkt i problemstillingane denne interpellasjonen reiser?

### **Kommunestyret 06.09.2022**

#### **Behandling:**

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

#### **Ordføraren gav slikt svar:**

Me står i ei svært krevande tid. Både privatøkonomien og økonomien i næringslivet er pressa på fleire område. Dette er viktige tema som me lokapolitikarar spelar inn til våre folkevalde på Stortinget jamleg. Vaksdal kommune er vertskommune for vasskraftproduksjon, og kjøper konsesjonskraft som me igjen kan selja med fortjeneste. I den tida me no er inne i er det sannsynleg at kommunen sine «kraftinntekter» vert monaleg auka dei komande åra. Dette er inntekter som kommunestyret har ansvar for å forvalte på ein god måte. Eg vil derfor be om at me får ei grundig vurdering av ulike tiltak til budsjettseminaret, slik at kommunestyret skal vera opplyste om korleis det er tilrådeleg å forvalte desse summene framover.

Det har kome innspel frå ulike hald om straumstøtteordningar til innbyggjarane, og eg meiner det er viktig å sjå på om dette er noko me kan og bør gjere. Me veit at kraftinntektene er under press, jamfør NOU 2022:10 som vart presentert førre mandag. Inntektene me får som kompensasjon for å ha avgitt natur til beste for storsamfunnet er i spel. Om kommunen skal behalda kraftinntektene i framtida vil det vera heilt avgjerande å forvalte dei klokt.

Interpellasjonen reiser mange gode spørsmål og problemstillingar, og eg meiner me bør drøfte denne saka grundig i budsjettseminaret.

Det vart så opna for debatt.

---



## **ORIENTERINGAR**

Fast orientering frå ordførar, varaordførar og kommunedirektør:

### Ordførar:

Folkemøte om K5  
Møte i komite for foketalsvekst  
Møte med Statnett  
Kontaktutvalsmøte om K5

### Varaordførar:

Ope møte med Arnpro  
Gjennomførte sin første vigsel  
Beredskapsvakt i sommar  
Folkemøte om K5  
Landsmøte LVK  
Møte med Felleskjøpet  
Dokumentasjon på Dalehallen  
TV-aksjonen - Leger uten grenser

### Kommunedirektør:

Status barnevern - orientering laga av kommunalsjef Ann-Kristin Bolstad  
Budsjettarbeidet  
Nye EL-bil ladarar  
Deltok i møte i Eldrerådet  
Flyktningsarbeidet  
Status kontoret i gatå; no kalla arbeidsstasjon  
Landsmøte LVK  
Rekruttering og tilsetjing; politisk sekretær, signalisert trong 2-3 stillingar på Samfunn, kommunikasjon og ressursar i samband med K5-prosektet  
Tempoplanen

Mobbeombodet i Vestland, Aina Drage  
- Orientering  
- Årsmelding 2021-2022

## **SPØRSMÅL**

### **Amalie Johnsen Lunde**

Om strøm - Kva kan kommunen gjere for å redusera eige strømforbruk  
Kommunedirektøren svarte

### **Arne Normann**

1. Om familiar som slit økonomisk og tiltak for desse - ønskjer eit oversyn til budsjettseminaret  
2. Forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk - høyringssvar frå kommunen  
Ordførar svarte



### **Skriftleg spørsmål frå Ole-Anders Brekkuhus, Vaksdal arbeidsparti**

Eg har fått med meg at det eksisterer ein framdriftsplan for utbetring og reoperasjonen etter synkeholet som oppstod på fotballbana ved Vaksdal idrettsplass i januar i år. Eg forstår imidlertid lite av at målet for ferdig arbeid er sett til hausten 2023.

I ei tid etter pandemien som i følgje «Kommunal rapport» slår fast at heile 33% av tidlegare aktive born har falt av, burde arbeidet med Idrettsplassen vert prioritert høgare enn det eg mistenkjer det er gjort. I ei tid som blir omtala som frivilligheitens år, og i ei tid der ein slit med fråflytting og negativ folketalsvekst - er dette ei pinleg affære.

Eg forstår at ein må forhalde seg til lovar og reglar knytta til anbudsprosessar, ein må undersøkje grunnforhold osv. Eg syns imidlertid at nesten 2 år på ein slik reoperasjon er uholdbart lenge. Her må finnast moglegheiter å korte ned prosessen slik at ein ikkje må gå ein heil ny sesong utan dette tilbodet.

### **Spørsmål:**

Kva er årsaken til at me som kommune aksepterer at denne prosessen tek nesten 2 år? Og vil ordførar sørge for at fotballbana blir framprioritert og står klar seinast til påske 2023?

### **Svar frå kommunedirektør:**

Kommunen har etablert og lagt fram ein framdriftsplan der ein har lagt til grunn erfaringar og kunnskap om gjennomføring av prosjekter. Dette inkluderer mellom anna planlegging, prosjektering, anbudsrundar og gjennomføring.

Arbeidet omfattar både overvassanlegget og idrettsplass.

Så langt synes kommunen sin framdriftsplan realistisk og me er i rute i samsvar med denne. Det vil seie at me no er i evalueringsprosess etter anbudsrunder for prosjekteringsgruppe. Kommunen forventar også at denne planen er den mest realistiske ein kan leggje til grunn for vidare framdrift i prosjektet.

Gjenoppbygging av Vaksdal idrettsplass har vore og er framleis høgt prioritert og me ser ikkje reell moglegheit for å framskande ferdigstilling av dette omfattande prosjektet utover det som er skissert i framlagt framdriftsplan.

### **Svar frå ordførar:**

Ordførar, formannskap og kommunestyre har ved fleire høve uttalt at denne saka har høg prioritet og at det er viktig å få bana klar for bruk så snart som mogeleg. Desse klare forventningane er kommunisert ved fleire høve i politiske møter, og ordførar kommuniserer også denne budskapet i andre møter som omhandlar saka. Eg kan gjerne vera tydeleg på at det hadde vore eit ynskje at bana stod klar tidlegare, men eg kan ikkje love noko slikt på vegne av administrasjonen når dei har gitt oss ein framdriftsplan. Me må ha tillit til at dei lyttar til våre tydelege meldingar, at dette prosjektet er høgt prioritert og at dei gjera alt dei kan i denne saka.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
77/2022	Kommunestyret	PS	18.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	22/1216

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
77/2022.1	Oppsummering av tilsynet
77/2022.2	Protokoll fra ekstraordinær generalforsamling i BIR AS 30. september 2022
77/2022.3	Tempoplan per oktober 2022

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAM

Orgnr 961821967

## Tilsynsrapport for VAKSDAL KOMMUNE org.nr. 961821967

Vi viser til tilsyn med VAKSDAL KOMMUNE EINING FOR TEKNISKE TENESTER org.nr. 976673972 (underenhet)

### Oppsummering av tilsynet

I tilsynet fant vi ikke brudd på regelverket som det er nødvendig å følge opp med pålegg om retting eller forbedringstiltak. Nederst i brevet finner dere en samlet oversikt over forholdene vi kontrollerte i tilsynet.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med virksomheter i bygg- og anleggsbransjen. Målet er at virksomhetene/byggherrene skal sørge for et arbeidsmiljø som forebygger skader og sykdom, og som gir arbeidstakerne lovlige arbeidsbetingelser. I dette tilsynet kontrollerer Arbeidstilsynet hvordan dere, som byggherre sørger for at hensynet til sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplass ivaretas. Jf. byggherreforskriftens bestemmelser.

Tilsynet ble gjennomført postalt hvor Arbeidstilsynet etterspurt følgende dokumentasjon:

- En oversikt over pågående og planlagte byggeprosjekt der Vaksdal kommune er byggherre
- Kopi av innsendte forhåndsmelding til pågående og planlagte byggeprosjekt der Vaksdal kommune er byggherre
- Plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA-planen) for det enkelte byggeprosjekt der Vaksdal kommune er byggherre
- Skriftlig avtale med evt. byggherrens representant for det enkelte byggeprosjekt der det klart fremgår hvilke plikter og fullmakter byggherres representant skal ha
- Skriftlig avtale med eventuell(e) koordinator(er) for det enkelte byggeprosjekt der det klart fremgår hvilke plikter og fullmakter koordinatoren(e) skal ha
- Beskrivelse av hvordan byggherre jevnlig følger opp at koordinator gjennomfører sine plikter
- En beskrivelse av hvordan Vaksdal kommune har sørget for at det føres en elektronisk oversiktsliste over alle som utfører arbeid på bygge- eller anleggsplassen, og at oversiktslisten inneholder opplysninger i samsvar med forskriften

Etterspurt dokumentasjon ble mottatt 02.09.2022.



Les mer om vår innsats og tema for tilsyn i bygg og anlegg på [www.arbeidstilsynet.no/byggoganlegg](http://www.arbeidstilsynet.no/byggoganlegg).

## Oppfylte pålegg

Vi henviser til tilbakemelding datert 02.09.2022.

### #1 Krav om opplysninger

I tilbakemeldingen ble etterspurt dokumentasjon innsendt.

På bakgrunn av tilbakemeldingen er pålegget oppfylt.

## Send dokumenter eller kommentarer via eDialog

Bruk eDialog hvis dere skal sende oss dokumentasjon eller for å svare på dette brevet. Husk å oppgi referansenummer 2022/36309. Les mer om eDialog på [www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/](http://www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/).

## Mer informasjon?

Dere finner informasjon om gangen i et tilsyn og reaksjonene vi kan gi, på [arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/](http://arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/).

Med hilsen  
Arbeidstilsynet

Marita Scott  
seksjonsleder

Erlend Bersaas  
seniorinspektør

*Dette brevet er elektronisk signert.*

Kopi til:

VAKSDAL KOMMUNE EINING FOR TEKNISKE TENESTER, Konsul Jepsensgata 16, 5722 DALEKVAM



## Her finner dere en samlet oversikt over det vi kontrollerte i tilsynet.

- Har byggherren sørget for at det er utarbeidet en SHA-plan iht. kravene i byggherreforskriften § 8 andre ledd bokstav a til d?
- Har byggherre inngått skriftlig avtale med eventuell(e) koordinator(er) der det klart fremgår hvilke plikter og fullmakter koordinatoren skal ha?
- Har byggherre, som koordinator, en oversikt over hvilke plikter og fullmakter byggherre har som koordinator?
- Har byggherre vurdert om den som er utpekt som byggherres representant, har andre plikter som kan komme i konflikt med de oppgaver vedkommende skal gjennomføre på vegne av byggherren? - Ny vurdering
- Kan byggherrens representant utføre oppgavene sine uten å komme i rollekonflikt på grunn av andre plikter eller oppgaver?
- Har byggherre ved utpeking av koordinator vurdert om den som utpekes, har andre plikter som kan komme i konflikt med rollen som koordinator? - Ny vurdering
- Kan koordinator utføre sine oppgaver uten å komme i rollekonflikt på grunn av andre plikter eller oppgaver?
- Følger byggherre jevnlig opp at koordinator gjennomfører sine plikter iht. byggherreforskriften § 14?
- Har byggherren sørget for at det føres en oversiktsliste over alle som utfører arbeid på bygge- eller anleggsplassen og at oversiktslisten inneholder opplysninger i samsvar med forskriften?
- Har byggherre sørget for at oversiktslisten føres elektronisk?

# List of Signatures

Page 1/1



## Protokoll ekstraordinær generalforsamling i BIR AS 20220930.pdf

Name	Method	Signed at
Sverdrup, Aslak	BANKID_MOBILE	2022-10-05 08:49 GMT+02
Lars Fjeldstad	BANKID_MOBILE	2022-10-04 11:14 GMT+02
Larsen, Per-Arne	BANKID	2022-10-04 09:33 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 43C120CAC31F466DA911C8CEEE8D6AC2





**PROTOKOLL**  
**EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING**  
**BIR AS**  
**Organisasjonsnummer 983 495 400 MVA**

Det ble avholdt ekstraordinær generalforsamling i BIR AS den 30. september 2022 kl. 14.00.  
Generalforsamlingen ble holdt digitalt på Teams.

**Tilstede var følgende aksjonærer;**

Bergen kommune representert ved Per-Arne Larsen (80 %)  
Osterøy kommune representert ved Lars Fjeldstad (2,54 %)  
Samnanger kommune representert ved Knut Harald Frøland (0,88 %)  
Vaksdal kommune representert ved Hege Eide Vik (1,6 %)  
Kvam Herad representert representert ved Torgeir Næss (0,33%)  
Bjørnafjorden kommune representert ved Trine Lindborg (6,07 %)  
Askøy kommune representert ved Roald Stenseide (6,74%)  
Øygarden kommune representert ved Elin Helland-Jooste (1,83%)

100 % av aksjekapitalen var således representert.

**Tilstede fra styret;**

Styrets leder Aslak Sverdrup  
Styrets nestleder Kari Foseid Aakre  
Styremedlem Gustav Bahus  
Varamedlem Anne Merete Ask (fungerer som fast styremedlem)

**I tillegg møtte;**

Statsautorisert revisor KPMG Rune Mydland  
Stein Trengereid, Bergen kommune  
Jasmin Ighoubah, Bergen kommune

**Fra administrasjonen møtte:**

Konsernsjef Borghild Lekve  
Styresekretær Anne Margrethe Hausvik  
Kommunikasjonssjef Eva Skjold  
Konsernjurist Erik Persen  
Økonomisjef Ove Knudsen



Protokollskriver/sekretariat: Anne Margrethe Hausvik

**Til behandling forelå:**

**1. Valg av møteleder**

**Vedtak:**

Aslak Sverdrup ble valgt til å lede møtet.

**2. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Vedtak:**

Det fremkom ikke bemerkninger til innkallingen, og denne er således godkjent. Generalforsamlingen ble enstemmig erklært som lovlig satt. Dagsorden i henhold til innkalling ble enstemmig godkjent.

**3. Valg av representant til å undertegne protokollen sammen med møteleder**

**Vedtak:**

Per-Arne Larsen (Bergen kommune) og Lars Fjeldstad (Osterøy kommune) ble valgt til å undertegne protokollen sammen med møteleder.

**4. Fullmakt til å gjennomføre kapitalforhøyelse i BIR AS**

Som innledning til sak 4 gav styrets leder, Aslak Sverdrup, en kort redegjørelse til saken, den forutgående prosess, inngåelse av intensjonsavtale, verdivurdering og bytteforhold. Fra enkelte eierkommuner ble det gitt uttrykk for at prosessen frem mot ekstraordinær generalforsamling kunne vært bedre. Man kunne ønsket seg en prosess som bedre ivaretok de politiske prosesser i forkant av den ekstraordinære generalforsamlingen. Sammen kunne man skapt både begeistring og glede gjennom en bredere politisk forankring frem mot en slik viktig merkedag.

Styret bad generalforsamlingen om følgende fullmakt:

- Aksjekapitalen i BIR AS kan ved nyttegning av 507 aksjer, - hver pålydende NOK 1000, forhøyes med NOK 507.000, fra NOK 50.166.000 til NOK 50.673.000.
- Eierne av IHM gis rett til å tegne 507 aksjer i BIR AS, som tilsvarer en eierandel på 1 % i BIR AS.  
Aksjeeiernes fortrinnsrett vil med dette fravikes.
- Aksjene tegnes for en kjøpesum på 15 MNOK.
- Kjøpesummen kan motregnes mot den gjeld selskapet har (vil få) mot eierne av IHM.
- Fullmakten gjelder seks måneder fra vedtaksdato.
- Fullmakten omfatter ikke beslutning om fusjon etter aksjelovens § 13-5.
- Endre vedtektene i tråd med kapitalforhøyelsen, slik:



Vedtektens § 4 har i dag følgende ordlyd:

*§ 4 AKSJEKAPITAL OG AKSJEEIERE*

*Selskapets aksjekapital er NOK 50.166.000,- fordelt på 50.166 aksjer, hver pålydende NOK 1 000.*

§ 4 endres til:

*§ 4 AKSJEKAPITAL OG AKSJEEIERE*

*Selskapets aksjekapital er NOK 50.673.000,- fordelt på 50.673 aksjer, hver pålydende NOK 1 000.*

**Vedtak:**

Generalforsamlingen gir styret i BIR AS fullmakt til å gjennomføre kapitalforhøyelsen ved nyttegning av aksjer, slik dette er beskrevet over.

Alle vedtak var enstemmige.

Generalforsamlingen ble deretter hevet.

Bergen, 30. september 2022

---

Aslak Sverdrup  
Møteleder

---

Per-Arne Larsen

---

Lars Fjeldstad



Namn på sak	Område/tema	Framdrift	Startdato	Handsaming		Vedtak
<b>Andre saker</b>						
Struktur på næringsarbeidet	Andre saker	Pågår	10.05.2022	31.12.2022	Arbeidet pågår	KS 48/2022 - Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 23.08.2022 og KS 06.09.2022. Denne saka må som eit minimum innehalde: - Drøfting av dagens næringssekskap/selskapsstruktur. - Nye retningslinjer for næringssekskapet som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.
Arbeidstøy for tilsette i Vaksdal kommune	Andre saker	Ikkje starta	30.11.2021	30.04.2023		KS 24/2022 - Ordninga vert revidert om eit år, seinast innen utgangen av april 2023.  KS 68/2021:«Ordførar vil arbeide for at administrasjonen i første omgang legg fram ei drøftingssak i AMU og vidare til ADMU. Vidare vil eg arbeide for at Hovudverneombod og hovudtillitsvald i dei aktuelle arbeidstakarorganisasjonane vert involvert og får komme med sine syn på saka og anbefalingar. Det er viktig å få vite kva det reelle og opplevde behovet til dei tilsette er. Til slutt vil eg arbeide for at me får fram ei sak til budsjett 2022.»  ADMU 14/2021 Saka tas til orientering, og utvalet sluttar seg til tidsplanen skissert i saksutgreiinga.  Tidsplan: 30.11.21 Administrasjonsutvalet drøftar saka 01.12.21 Kommunedirektøren inviterer hovudtillitsvalde og arbeidstakarorganisasjonar til å kome med uttale i saka med frist 15. januar 21. Våren 22 Administrasjonsutvalet behandlar sak og innstiller til kommunestyret.
Sameiet Vaksdal senter	Andre saker	Pågår	26.10.2021	01.06.2022	Prosess pågår	KS 95/2021 Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere å sette i gang arbeid for å finne mogelege løysingar for utfordringa ved sameige Vaksdal senter. 1. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå vidare i arbeidet om å sjå på mogelege løysingar for sameiget Vaksdal senter. 2. Kommunestyret ber kommunedirektør rapportere vidare arbeid i saka til formannskap, plan og økonomiutvalet.
Ordførarkjede	Andre saker	Ikkje starta	29.09.2021			Vedtak i sak 19/2020.03 - Ordførarkjede Utval for bygdeutvikling ber administrasjonen legge fram kostnadar ang. ordførarkjede, me ber om å få saka utgreidd.

Sal av alkohol frå ubemanna butikk	Andre saker	Ikkje starta	28.09.2021	01.11.2023		KS 86/2021 Eksingedalen snarkjøp får forlenga salsløyvet for alkohol, i samband med pilotprosjektet i regi av Merkur, med likelydande vilkår som i vedtak sak 66/2020 fram til og med 31.12.23.  Innan 01.11.23 skal kommunestyret evaluere ordninga.
Erstatning for eldrestova	Andre saker	Pågår	15.06.2021	18.10.2022	Saka vert lagt fram til budsjett 2023	K66/2021 Kommunestyret ber administrasjonen greie ut forslaget om å etablere Eldrestova i del av barnehagebygget på Jamne. Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram i forkant av budsjett 2022, slik at ein kan ta stilling til om ein vil etablere Eldrestova her frå hausten 2022.
Arbeidsgjevarstrategi	Andre saker	Pågår	01.08.2022	20.11.2022		ADMU 15/2021 Administrasjonsutvalet ber om utvalet vert involvert i prosessen. Dette gjer til at: - Det vert lagt opp til ekstramøter i adm. utvalet - fortrinnsvis saman med formannskapet våren 2022 - Strategiane vert handsama punktvis - Ber om at tidsplan vert følgt med vedtak i kommunestyret juni 2022
Prosjekt folketalsvekst	Andre saker	Pågår	29.09.2020			"K59/2020 1. Kommunestyret endrar namn på styringsgruppe for prosjekt folketalsvekst til komité prosjekt folketalsvekst i høve kommunelova § 5-9 2. Kommunestyret oppnemner følgjande medlemmer og varamedlemmer i komité for prosjekt folketalsvekst: Hege Eide Vik Varamedlem Kjartan Haugsnes Edvin Hesjedal Varamedlem Boris Groth Lisa Lunda Varamedlem Ole Anders Brekkhus 3. Rådmannen eller dei han oppnemner er sekretær for komiteen. Ungdomsrådet involveres aktivt som innspels- og høyringsorgan i prosjektet "
Livssynsnøytralt seremonirom	Andre saker	Pågår				"K96/2019 - Oversendingsforslag II: Livssynsnøytralt - livssynsopent seremonirom. SV ønskjer at det vert etablert eit livssynsnøytralt – livssynsopent seremonirom i kommunen. Human – Etisk forbund skriv slik: «Et felles seremonibygg bør være stilfullt, gjerne en ""storstue"" for lokalsamfunnet, som kan gi en opplevelse av høytidelighet og verdighet. På innsiden skal seremonirommet kunne forvandles for å imøtekomme ulike behov. På den måten kan rommet brukes til for eksempel gravferd, vigsel, konfirmasjon og navnefest eller dåp for ulike religioner og livssyn.» Kommunestyret ber administrasjonen legge og dette perspektivet til grunn ved nybygg, men og til utrustningar i høve bruk og endre bruk av kommunale bygg"

Digitalisering innovasjon og samfunn						
BREIBANDSPPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022-2030	Digitalisering, innovasjon og samfunn	Ikkje starta	14.06.2022			KS 63/2022 Kommunestyret ber om ei vurdering fram mot budsjett og økonomiplan haust 2022 på kva beløp ein bør legge inn årleg for å nå måla i breibandsplanen.
22/5657 - STAMNES SENTRUM - SØKNAD OM TILSKOT TIL UTVIKLING AV KAIOMRÅDET	Digitalisering, innovasjon og samfunn	Pågår	14.06.2022			KS 60/2022 1. Kommunen treng meir informasjon om tiltaket og finansiering før søknaden kan behandlast. Stamnes Handel AS og kommunen utarbeider ein intensjonsplan om tilskot når planar, avtalar og finansiering er tilstrekkeleg dokumentert. Intensjonsplanen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning. 3. Kommunen er positiv til opparbeiding av landstrøm og ny skiltplan i kommunal regi. Kommunestyret ber om å få framlagt ei sak med kostnadsoverslag for opparbeiding av landstraum. I samme sak skal ein vurdere ulike alternativer til regler for å leggje til kaien, inkludert løysingar for krevje avgift for å leggje til i lengre tidsperioder.
Dalseidvegen - punktutbetring	Digitalisering, innovasjon og samfunn	Pågår	26.10.2021			FS Sak 40/22 Formannskapet ber administrasjonen sette vedtak i sak 96/21 på vent til avklaring med Statens vegvesen er gjort i høve bruk av vegen og eventuelle anleggsbidrag etterpå. KS Sak 96/2021- nytt vedtak 1. Kommunestyret ber kommunedirektøren utlyse anbod på utbetring av punkt som i dag er stengt og utgreia i notat frå Sweco både til kjørbær stand og til sykkelveg. Kommunestyret ber om at det og vert bede om opsjon for punkt 100 m lenger nord på Dalseidvegen (punkt 2). 2. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide anbod/innhente pris for asfaltering av Dalseidflaten. 3. Anbod i punkt 1 og 2 må gjerast med atterhald om endeleg politisk godkjenning. 4. Kommunestyret legg til grunn ramme for utbetring av Dalseidvegen som innstillinga frå FPØ, sak 85/21. Eventuell auke i ramma og mogleg finansiering vert å legge fram som eiga sak. 5. Kommunestyret ber om at administrasjonen startar arbeidet med ei eventuell nedklassifisering av Dalseidvegen frå og med dagens vegsperring til og med enden av bakken ned mot Dalseid, til gang- og sykkelveg 6. Kommunestyret føreset at tilkomst til landbrukseigedom frå Dalseid-sida vert oppretthalde som idag. 7. Kommunestyret ber om at administrasjonen søker Statens Vegvesen om midlar til prosjektet.

Messo	Digitalisering, innovasjon og samfunn	Pågår			Orienterings sak - Dalehallen vår 2022 - Messo i samband med sentrumsplanen	<p>K51/2021 Kommunestyret ber administrasjonen utgreie følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sal/avhending av Dalehallen inkl. kostnadsanslag Ved evn. sal må følgjande ligge til grunn. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Krav til å behalde fasade</li> <li>- Krav til aktivitet innan eit (1) år</li> </ul> </li> <li>2. Riving av Dalehallen inkl. kostnadsanslag</li> </ol> <p>Oversendingsforslag:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Administrasjonen vert beden om å kome tilbake med sak om korleis ein kan utarbeide reguleringsplan med kulturminnegrunnlag for å få fram verneverdiane for Messo (Jebsahuset)</li> <li>b) Administrasjonen vert beden om å undersøke moglegheitene for ekstern finansiering – tilskot frå fylkeskommunen, Mohn-stiftinga med fleire, gjeldande Messo (Jebsahuset)</li> </ol>
-------	---------------------------------------	-------	--	--	---	---

Helse og meistring						
Frivilligkoordinator	Helse og meistring	Pågår	15.12.2020	14.12.2021	Vert lagt fram til budsjett 2023	K97/20 - Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om moglegheiter for frivilligkoordinator, etter modell frå "Leve heile livet"-reforma, innan budsjetthandsaming 2022.

Oppvekst og kultur						
Budsjett 2022 - gratis skulemåltid	Oppvekst og kultur	Pågår	14.12.2021	13.12.2022		KS 111/2021 - verbalforslag Q Kommunestyret ber komunedirektøren kome attende med ei sak i løpet av 2022 om eit dagleg gratis skulemåltid i skulane i Vaksdal. Saka skal utgreie kostnad og hvordan dette kan organiseres i praksis.

Budsjett 2022 - Utvida opningstid barnehage	Oppvekst og kultur	Pågår	14.12.2021	13.09.2022	Vert lagt fram til budsjett 2023	<p>KS 111/2021 - Verbalforslag: e) Utvida opningstid barnehage Kommunestyret ber om at:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunen skal kartlegge trong for utvida opningstid frå kl. 17.00 til 17.15 i ein (1) barnehage i 2022.</li> <li>2. Utvida opningstid vert eventuelt innført frå nytt barnehageår, august 2022.</li> <li>3. Ein i 2022 får ei utgreiing om korleis bemanning, bornegrupper, og krav frå staten, vert handsama i barnehagane våre og om bemanning vi har i dag er stor nok/bornegruppene små nok til å stette krava i lovverket.</li> </ol> <p>Note 2: Vaksdal kommune er ein stor pendlarkommune, 50 % eller omlag 870 av dei som bur i Vaksdal pendlar ut av kommunen kvar dag. Til samanlikning er det omlag 1300 som pendlar ut kvar dag frå Voss. 12. desember 2021 endrar VY rutetidene for de viktigaste pendlartoga på Vossebanen. Dette kan gjere kvardagen meir utfordrande for våre innbyggjarar, der ein eller begge pendlar til Bergen.</p> <p>Brukarundersøkinga Kommunestyret bestilte i budsjettet i fjor synte også behov for auka opningstid i barnehagane på Stanghelle og Vaksdal. Det er blitt informert om at auke i opningstid, uansett lengde, krev ei ekstra heil stilling per barnehage. Det er avsett midlar til ein (1) heil stilling i barnehage. Denne er permanent. Etter ei kartlegging av trong for utvida opningstid frå 17:00 til 17:15 i (1) barnehage, jf. verbalpunkt e) vert utvida opningstid eventuelt innført frå nytt barnehageår, i august 2022.</p> <p>Dette vil vere ei opningstid som er tilpassa dei nye togtidene, og som skapar tryggleik for barnefamiliar der mor og eller far pendlar. Samtidig er det viktig for oss å sikra god kvalitet i barnehagane, og difor sikrar me auka bemanning.</p>
Prisordning for symjehallen på Dale skule	Oppvekst og kultur	Pågår	15.12.2020	10.05.2022	Sak ligg føre i møte	<p>"K 93/2020 - Prisordning for symjehallen på Dale skule Rådmann skal i løpet av våren 2021 leggje fram ei evaluering av ordninga, der følgjande punkt skal vurderast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kostnadsnivå</li> <li>• Årskort / Halvårskort</li> <li>• Ubemanna tilgang symjehallen utanfor normale opningstider, t.d. etter modell frå Bryggieslottet i Modalen."</li> </ul>



Plansaker						
Kommuneplan samfunnsdel	Plansaker	Pågår		10.09.2023		jf. vedtatt planstrategi
Handlingsplan - Strategisk næringsplan	Plansaker	Ikkje starta	10.05.2022	13.12.2022		KS 47/2022 Det vert utarbeida ein konkret handlingsplan med målbare mål, delmål og ansvarsfordeling for gjennomføring av Strategisk Næringsplan. Handlingsplanen vert lagt fram for vedtak innan siste kommunestyremøte i 2022.
Sentrumsplan Dale	Plansaker	Ikkje starta	26.10.2021	01.12.2022		KS 102/2021 Kommunestyret ber administrasjonen innarbeida sentrumsplan for Dale i planstrategi for Vaksdal kommune som vedteke i PS 104/20. Planen må sjåast i samheng med rullering av kulturminneplan.
Områdeplan Vaksdal	Plansaker	Pågår	17.06.2019	31.12.2022		"K31/2019 - I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Stanghelle, PlanID 2016002. Høyringsuttalar til arealdel Stanghelle vert lagt ved sak om planprogram."
Områdeplan Stanghelle	Plansaker	Pågår	17.06.2019	31.12.2022		"K31/2019 - I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Stanghelle, PlanID 2016002. Høyringsuttalar til arealdel Stanghelle vert lagt ved sak om planprogram."
Interkommunal plan for sjøareal	Plansaker	Pågår	15.12.2020	31.12.2022		"K103/20 - Vaksdal kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.  Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Vaksdal kommune.  Vaksdal kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune. Vaksdal kommune vel ordførar til medlem med varaordførar som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte."
Hovudplan VA	Plansaker	Pågår	15.12.2020	13.12.2022	Forseinka pga vakant stilling VA	K104/2021 - Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre med følgjande endringar: Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021, osv.

Omregulering av Dalegarden	Plansaker	Pågår	26.01.2021	14.06.2022	Konkurrans e pågår, planarbeid starta aug/sept 2022	F09/2021 - Formannskapet ber Rådmannen starte arbeid med ny heilskapleg reguleringsplan for Dalegarden, med intensjon om å legge til rette for etablering av detaljhandel i området. Rådmannen får fullmakt til å tilpasse planen slik at dette er mogleg å få gjennomført. Lokalt næringsliv og handelsverksemd skal involverast i planprosessen.
Rullering kulturminneplan	Plansaker	Ikkje starta	15.12.2020	31.12.2022		K104/2021 - Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre med følgjande endringar: Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021. I kulturminneplan må det kartlegges Dale og Vaksdal sine industrielle og tekniske installasjoner samt parker og anlegg. <u>Ved start av rulleringen blir Dale prioritert i kartleggingen.</u>
Kommunedelplan Oppvekst	Plansaker	Pågår	15.12.2020	31.12.2022		"K104/2021 - Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre med følgjande endringar: Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021, osv.  F26/19 - I medhald av plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for <u>Kommunedelplan oppvekst sendt på høyring.</u> "
Kollektivterminal Dale	Plansaker	Pågår	09.03.2021	31.12.2022		F 20/21 - reguleringsplan - Arbeid med reguleringsendring for Dale bussterminal vert starta opp. Berørte naboar, grunneigarar og aktuelle høyringsinstansar vert varsla

#### Større investeringar og prosjekt

Bustadutbygging Tettaneset	Større investeringar og prosjekt	Pågår				KS 111/2021 - verbalforslag h) Tettaneset Kommunestyret ber om at trongen for vidare utbygging i kommunal regi på Tettaneset vert utgreia i 2022. Eventuell oppstart på investering av infrastruktur på Tettaneset trinn 3 har oppstart i 2022 og blir fullført i 2023. Her må det også leggjast til rette for tomter til einestadar. Det vert sett av 5 millionar i 2022 og 7,5 millionar i 2023. Kommunestyret ber og om at Investeringar i høve areal knytt til K5 og bustadtomter på Vaksdal og Stanghelle må sjåast i samanheng med avsette investeringsmidlar til Tettaneset.
----------------------------	----------------------------------	-------	--	--	--	--

Bygg helse og omsorg	Større investeringar og prosjekt	Pågår	23.06.2020	31.12.2023		"K34/2020 - 1. Kommunestyret ber rådmannen gå vidare med konsept 2B, men presiserer at minimumstal sjukeheimplassar på Daletunet vert sett til 16 plassar. 2. Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken. 3. Kommunestyret ber rådmannen tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Eventuelle justeringar vert godkjent av formannskapet. 4. Vidare planlegging skal og ta omsyn til moglegheiter for reetablering av kjøken på Vaksdal og på Dale. Nybygg og rehabilitering må ta omsyn til at kjøkenløyising kan endrast i framtida. 5. Kommunestyret ber rådmannen greie ut mogleg behov for leige av sjukeheimplassar i Modalen, samt andre nærliggjande alternativ for leige av plassar. 6. 1930-bygget på Dale vert sanert/rive, og funksjonane her vert fortrinnsvis relokalisert i ledig areal på Daletunet og sjukeheim/nybygg på Vaksdal. Ledig nytt uteareal etter rivinga av 1930-bygget bør vurderast tilrettelagt til t.d. betre ute/hageareal eller anna eigna formål."
Barnehage Dale	Større investeringar og prosjekt	Ikkje starta	17.12.2019	13.12.2022		F96/19 - Arbeidet med vedtatt moglegheitsstudie for ny barnehage på Dale må komme i gang i 2020
Kommunale bustader	Tverrfaglege saker	Pågår	27.10.2020		Arbeidet er starta	K70/20 - Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om trong for kommunale bustader i 2021. Ei slik sak må ta omsyn til geografisk spreing, type bustader og status for kommunale bustader i dag.

Økonomisaker						
Budsjett 2022 - stimuleringsstilskot	Økonomisaker	Pågår	14.12.2021			KS 111/2021 - verbalforslag N Kommunestyre ber kommundirektøren starte arbeidet med endring av retningslinjer så stimuleringsstilskudd for etablering gjeld alle typer boliger og for alle (også tilflyttere) opp til 35 år.
Årsavslutning/justeringar	Økonomisaker	Pågår		13.12.2022		Kommunelova - Kapittel 8. Økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og rapportering, § 48 Årsregnskapet og årsberetningen.
Årsbudsjett 2023	Økonomisaker	Pågår	01.08.2022	13.12.2022		Kommunelova - Kapittel 8. Økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og rapportering, § 45 Årsbudsjettet.
Økonomi- og handlingsplan 2023 - 2026	Økonomisaker	Pågår	01.08.2022	13.12.2022		Kommunelova - Kapittel 8. Økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og rapportering, § 44 Økonomiplan

Tertialrapport 2	Økonomisaker	Pågår	20.09.2021	31.10.2022		Kommunelova §14-5
------------------	--------------	-------	------------	------------	--	-------------------



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
79/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	27.09.2022
78/2022	Kommunestyret	PS	18.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-C20, TI-&01	22/797

### SAMARBEIDSAVTALE MELLOM VAKSDAL IDRETTSRÅD OG VAKSDAL KOMMUNE

#### Vedlegg:

Samarbeidsavtale med idrettsrådet  
Samarbeidsavtale

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtalen mellom Vaksdal idrettsråd og Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 79/2022

#### FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Samarbeidsavtalen mellom Vaksdal idrettsråd og Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn for saka

Mange kommunar i Noreg har samarbeidsavtale mellom idrettsråd og kommune. Etter initiativ frå Vaksdal idrettsråd er det ynskjeleg med ein samarbeidsavtale mellom Vaksdal kommune og Vaksdal idrettsråd

Utkast til avtale er utarbeida av Vaksdal idrettsråd og byggjer på oppfordring og mal som frå Norges idrettsforbund.

Samarbeidsavtalen har som føremål å styrka og utvikla samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet. Samarbeidet skal bidra til ei positiv utvikling av idretten sine aktivitetstilbod gjennom gode og føreseielege rammevilkår for idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet skal i forhold til kommunen fungera som eit talerør for idretten.

Samarbeidsavtalen skal blant anna bidra til:

- Å fremja felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen.
- Å sikra god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten.
- Å klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet.
- Å sikra god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet.

Avtalen gjeld for fire år, men kan evaluerast etter to år, og skal reviderast når ein av partane finn det naudsynt.

#### *Kva er idrettsrådet?*

Idrettsrådet er eit fellesorgan for idretten i Vaksdal kommune. Styret vert valgt av idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Vestland Idrettskrets og lagt under NIF sine lovar og vedtekter.

Idrettsrådet er eit fritt, sjølvstendig og politisk uavhengig organ, og skal funga som eit rådgjevande organ i forhold til kommunale myndigheiter i saker som vedkjem idretten i kommunen. Idrettsrådet skal arbeide for best mogeleg vilkår for idretten i kommunen og skal gjera prioriteringar på vegne av idrettslaga.

Hei,

På oppfordring frå idrettsforbundet ynskjer vi å inngå ein samarbeidsavtale mellom Vaksdal kommune og Vaksdal idrettsråd. Sjå vedlegg med forslag til avtale.

Mvh

Leiar i Vaksdal Idrettsråd

Elisabeth F Gullbrå

# Samarbeidsavtale

## mellom

### Vaksdal kommune og Vaksdal idrettsråd

1. **Avtalepartar** er Vaksdal kommune v/ordførar og Vaksdal idrettsråd v/leiar
2. **Avtaleperiode:** Avtaleperioden følgjer kommunestyreperioden og skal fornyast etter fire år. Avtalen kan evaluerast etter to år og skal reviderast når ein av partane finn det nødvendig.
3. **Mål:** Samarbeidsavtalen skal vere med å:
  - fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i
  - sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
  - klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
  - sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

#### 4. Idrettsrådet si rolle

4.1 Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Vaksdal kommune som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Hordaland Idrettskrins og underlagt NIF sine lover og vedtekter.

4.2 Vaksdal idrettsråd skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i kommunen og vere ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter og mellom laga og idrettskrinsen. Idrettsrådet skal gjere prioriteringar på vegne av idrettslaga.

#### 5. Samarbeidsrutinar, høyringsrett, medverknad

5.1 Alle saker av felles interesse for idretten \*), skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.

5.2 Idrettsrådet har rett til å ta del i planarbeidet i kommunen på alle område som vedkjem idretten sine interesser.

5.3 Saker som blir fremja til kommunen av idrettsrådet, skal formidlast til kommuneadministrasjonen v/rådmann

5.4 Rådmannen har ansvar for å hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som vedkjem idretten i kommunen. Idrettsrådet skal få seg førelagt alle saker av felles interesse for idretten og gi uttale til desse.

5.5 Generell informasjon frå kommunen til idrettslaga blir sendt med kopi til idrettsrådet.

5.6 Partane har ei gjensidig informasjonsplikt i høve saker som vedkjem idretten i kommunen.

\*) Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med kommunen når saka har eller kan tenkjast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre lag.

#### 6. Faste rutinar mellom kommunen og idrettsrådet

6.1 Kommunen har dialog med idrettsrådet i framkant av arbeidet med kommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett som vedkjem idrettsfeltet.



6.2 Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering av kommuneplanen og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse.

6.3 Idrettsrådet gir uttale til søknader om spelemidler til anlegg

6.4 Idrettsrådet skal uttale seg om tildeling (evt. har innstillingsrett) av driftstilskot/kulturmidlar til idrettslaga.

## **7. Driftstilskot til idrettsrådet – rapportering**

7.1 Kommunen løyver eit årleg tilskot til drift av idrettsrådet.

7.2 Idrettsrådet oversender kommunen årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap etter årsmøtet. Rapportane er grunnlag for utbetaling av tilskot til idrettsrådet.

## **8. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaer**

8.1 Minst ein gang i året skal kommunen si politiske leiing møte idrettsrådet for å drøfte vilkår og utfordringar for idretten i kommunen.

8.2 Idrettsrådet inviterer kommunen til sitt årsmøte og andre felles møtearenaer for idrettslaga i kommunen.

8.3 Idrettsrådet får fritt bruke kommunale møterom til møte og kursverksemd

..... den / 2022

..... den / 2022

---

Vaksdal kommune

---

Vaksdal Idrettsråd



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
81/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	27.09.2022
79/2022	Kommunestyret	PS	18.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-242	20/763

### SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFOND

#### Vedlegg:

Søknad om tilskot - Eksingedalen snarkjøp AS

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å tildele inntil 190 000,- til Eksingedalen snarkjøp. Forutsetninga for tildelinga er at butikken sikrar vidare drift gjennom vinteren og at Merkur innvilgar restfinansieringa. Pengane vil bli utbetalt innan Eksingedalen snarkjøp sine fakturaer for omsøkte tiltak forfell. Tiltaka blir finansiert av næringsfondet og kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynt budsjettjustering som følgje av vedtaket. Dersom ikkje heile summen blir utbetalt i 2022, blir resten å budsjettjustere i 2023, etter løpande forbruk.

Budsjettjustering år: 2022/2023

D 14700.7000.3250, inntil 190 000,-

K 19500.7000.3250, inntil 190 000,-

Fond 251080021 (Næringsfondet)

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 81/2022

#### FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret vedtek å tildele inntil 190 000,- til Eksingedalen snarkjøp. Forutsetninga for tildelinga

er at butikken sikrar vidare drift gjennom vinteren og at Merkur innvilgar restfinansieringa. Pengane vil bli utbetalt innan Eksingedalen snarkjøp sine fakturaer for omsøkte tiltak forfell. Tiltaka blir finansiert av næringsfondet og kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynt budsjettjustering som følgje av vedtaket. Dersom ikkje heile summen blir utbetalt i 2022, blir resten å budsjettjustere i 2023, etter løpande forbruk.

Budsjettjustering år: 2022/2023

D 14700.7000.3250, inntil 190 000,-

K 19500.7000.3250, inntil 190 000,-

Fond 251080021 (Næringsfondet)

### **Saksopplysningar:**

#### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Eksingedalen Snarkjøp har som mange andre opplevd kraftig auke i utgifter til straum. Butikken søker om støtte til å investere i ny teknologi for å betre handtere straumforbruket i tida som kjem. Butikken søker dermed om støtte til tiltak som vil redusere straumforbruket, og utgifter til straum, i framtida.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Vaksdal kommune har motteke søknad frå Eksingedalen snarkjøp om støtte til tiltak for å få ned straumforbruket i butikken. Dette vil igjen føre til reduserte kostnader til straum. Straum blir ein større og større del av utgiftene og er opplevd som ein stor utfordring for butikken å handtere. Det krevst store mengder straum for å oppretthalde både kjøling og varme og det er vanskeleg å redusere forbruket med noverande inventar og diskar.

Butikken er eit viktig knutepunkt i eksingedalen og er viktig for busettinga som er der. Forutan vanleg butikkdrift har butikken heimlevering, som gjer at folk i eksingedalen kan få levert varer direkte heim til seg. Nærmaste alternative butikk er langt unna (evanger eller modalen). Det kan for mange vere utfordrande å koma til desse alternativa, spesielt på vinterstid. Dette gjer at butikken skil seg ut frå mange andre butikkar og det er viktig for busettinga i området at butikken består.

I vedlagt søknad er det lista opp tiltak for å skape ein meir berekraftig drift som vil gjere at butikken er betre rusta for å klare seg, også i framtida. Dei noverande kostnadane frå månad til månad må butikken ha hjelp til å få dekkja gjennom den statlege ordninga som vart presentert 16.09.22. Tiltaka som er omsøkt vil ha eit lengre perspektiv, sjølv om delar at tiltaka ikkje treng å ta så lang tid å få installert (til dømes plug in)

Søknaden vart opprinnleg sendt til bygdeutviklingsfondet men er etter enigheit med søkjar heller vurdert opp mot næringsfondet. Søknaden er vurdert opp mot vedtektene for næringsfondet og er funne å stetta krava i vedtektene. Det er søkt om tiltak som kan sikre arbeidsplassar og er ikkje for å dekkja løpande drift.

Føresetnad for at kommunen skal gje omsøkt tilskot frå fondet er at størrelsen på tilskotet er innanfor regelverket for bagatellmessig støtte. Slik det er no, er dette innanfor. Ein annan føresetnad er at butikken sikrar vidare drift, også etter vinteren. Dette vil bli meir klart når effekten av den

statlege støtteordninga blir kjent og butikken kan framlegga plan på inndekking av kostnadane til straum gjennom vinteren. Før kommunen eventuelt utbetaler beløpet er det viktig å få avklart at restfinansieringa gjennom Merkur også er innvilga. Kommunen vil betale ut beløpet etter framvising av faktura på dei omsøkte tiltaka dersom støtta blir vedteke.

# Eksingedalen Snarkjøp

Søknad til bygdeutviklingsfondet i Vaksdal kommune.

Jeg ønsker med dette å søke om midler til strøm besparende tiltak i butikken, da det av ekstraordinære høye strømpriser gjør det avgjørende å få ned strømforbruket.

- Jeg har søkt Merkur om å montere solceller på et av takene Og avventer svar på søknaden nå. Merkur dekker 75% av investeringen. Men ønsker med denne søknaden å få dette fullfinansiert.

Prisen u/mva. ligger på 240 000,-. Av dette må jeg per nå dekke 60 000,- selv.

- Jeg ønsker også å investere i nye pug in diskere som skal erstatte de gamle diskene jeg har i dag. Det har skjedd mye den senere tid og Plug In møbler blir stadig mer energi effektive. Disse diskene avgir mindre støy og varme samtidig som de får øket levetid.

De nye Titan diskene bruker ca. 43-45% mindre energi enn de Brioni Diskene som jeg har i dag.

De nye diskene, 3 stk., ligger på 208 000,- u/mva. Om jeg får innvilget investeringsstøtte på disse på 75% står jeg igjen med en egenandel på 52 000 kr.

Pristilbudet fra Plug-in er et eldre fra mai i år. Men her er det lagt inn en prisvekst på 10% etter økte fraktkostnader og prisøkninger etter samtale med plug-in per tlf.

- Det produseres mye varme av alle diskene i lokalet. Og det er ikke tilstrekkelig med nåværende aircondition som er her nå.

Jeg har fått et pristilbud på 79 200 kr u/mva. Noe som utgjør 19 800,- i egenandel om Merkur støtter en søknad om dette.

- Det er også snakket om i lengre tid å få gjort til et offentlig toalett som er åpen for kunder og forbireisende i tiden butikken er åpen, som per nå er 07.30-00.00 om kvelden. I dag er det fri tilgang til leilighet i 2. ets når du går inn til toalettet. Det kreves per nå en ombygging for å stenge av og utvide arealet til godkjent standard for offentlig toalett. Prisen på dette ev per nå vanskelig å si presist. Men en kan estimere et budsjett på 50 000,-. Dette innebærer tilrettelegging for handicaptilgang, rivning av vegg, samt montering av vegg. Samt eventuell ommøblering på rør og nytt gulv og tak, maling og plating.

Totalt ønsker jeg å søke om 190 000,- til disse investeringene. Dette med henhold til om investeringene blir dekt av Merkur med 75% støtte. Samt at de har en maksimumsgrense på 600 000,- per kalenderår for investeringer.

Grunnen til at jeg nå ønsker fullfinansiering av prosjekt er i hovedsak de ekstraordinære strømprisene som utgjør mer og mer av driftsbudsjettet. Jeg her ikke lenger mulighet til å legge ut

mer i investeringer, når inntektene går ned og utgiftene går så kraftig oppover samt renteøkning på nåværende lån etter oppgraderingen til selvbetjent butikk i 2020.

Se vedlagte dokument på pristilbud fra leverandører.

Utviding av toalett ble kun gitt prisoverslag muntlig fra lokal snekker.

Med ønske om at denne søknaden blir behandlet nå i slutten av september.

Mvh.

Eksingedalen Snarkjøp

Hege Marie Lavik